



# Landsrådsmøte 2022

Bodø, 22. og 23. oktober

## Praktisk informasjon

Møtestad: Thon Hotel Nordlys i Bodø  
Innkalla: Fylkeslaga i Noregs Ungdomslag  
Styret i Noregs Ungdomslag

## Velkomen til landsrådsmøte i Bodø 22.-23. oktober

Landsrådsmøtet er fylkeslagsleiarane sin møtestad med styret i Noregs Ungdomslag. Landsmøtet oppmoda i vår styret om å legge fleire landsrådmøter utanfor Oslo, og det er difor lagt til Thon Hotel Nordlys i Bodø.

Tema for møtet i år vert mellom anna restart av organisasjonen etter pandemien, oppfølging av langtidsplan og rolla som spesialistorganisasjon i UNESCO. Det vil også vere god tid for fylka å ta opp eigne saker. Møtet startar laurdag 22. oktober kl 10.00, og vert avslutta med lunsj søndag kl. 13.30.

Nordland Ungdomslag arrangerer lokallagssamling denne helga, og Noreg Ungdomslag vil i tillegg invitere lag som ikkje er medlem til å delta på denne samlinga for å få informasjon om eventuelt medlemskap. Noko av programmet vil vere felles med Landsrådet.

Laurdag kveld arrangerer Bodø Folkedanslag sosialt samvær med dans, kaffe og kaker på Aspåsen skole. Ungdomsringen Salten skal ha samling den helga og BUL Bodø forsøker å arrangere helgekurs for folkemusikkunddom og teaterunddom. Samlinga vert felles for all ungdomslagsaktivitet denne helga.

Påmeldings frist, innan 12. oktober

<https://forms.office.com/r/AQVdFKgZz0>

Ved spørsmål ta kontakt med generalsekretær Magni Hjertenes Flyum på epost [magni@ungdomslag.no](mailto:magni@ungdomslag.no) eller tlf 934 22 756.

## Program

Alle er velkomne til dei programpostane som ikkje har delt program

Laurdag 22. oktober

09.30	<b>Registrering og kaffi</b> , Thon Hotel Nordlys, Bodø	
10.00	<b>Velkomen ved leiar Torbjørn Bergwitz Lauen</b> Presentasjon av deltakarar og program  <b>Innleiing om Noregs ungdomslag og Immateriell kulturarv</b> Kulturrådet  <b>Informasjon om aktuelle saker</b> Leiar og generalsekretær orienterer om drifta og om aktuelle politiske saker.	
11.00	<i>Landsrådet:</i>  <b>Fylkeslagets time og open post</b> Fylkeslaga blir bedne om å førebu innlegg på om lag 5 minutt kvar. Vi ønskjer at de skal svare på følgande oppgåver: <ul style="list-style-type: none"><li>• Har de noko som er viktig å dele med dei andre fylkeslaga?</li><li>• Korleis har pandemien påverka drifta og korleis de som fylkeslag for å få i gang igjen aktiviteten i laga?</li></ul> Etter runden til det enkelte fylkeslag vil vi opne for å ta opp saker som Fylkeslaga vil diskutere med Landsrådet, men det er fint om Fylkeslaga sender desse sakene inn på førehand slik at alle kan forberede seg.	<i>Lokallagssamling Nordland:</i>  Velkomen  Støtteordningar, Janne-Lise  Korleis bruke Studieforbundet til å styrke aktiviteten (Kjærsti Gangsø)  Polsdans mot Nord, Siri og/eller Anette  NU kulturformidling lokalt
13.00	Lunsj	
14.00	<b>Restart organisasjonen etter pandemien - kva er viktig?</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Innleiing Kjærsti Gangsø, Studieforbundet Kultur og tradisjon</li><li>• Informasjon frå årsrapportane 2021, kva veit vi om status i organisasjonen?</li></ul>	<b>Husdrift</b>  <b>Lagsdrift</b>  <b>Medlemsfordelar</b>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• ideverkstad – kva rolle kan fylkeslaga ha som støtte for lokallaga?</li> </ul>	
16.00	<b>Kafedialog: NU sine nettsider og digitale ressursar</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva er viktig for lokal- og fylkeslaga?</li> </ul>	<b>Kafedialog: Kva vil lokallaga?</b>
17.00		<b>Om Noregs Ungdomslag</b> Infomøte for lokallag og andre som er interessert i organisasjonen
19.00	Middag	
Etter middag	Sosialt samvær med dans, kaffe og kaker på Aspåsen skole	

### Søndag 23. oktober

*Lokallag i Nordland Ungdomslag og andre inviterte lag er velkomne til å vere med på denne delen av møtet*

09.30	<b>Diskusjon om oppfølging av vedtak frå landsmøtet</b>
10.00	<b>UNESCO og NU</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Innleiing ved direktør i Noregs Husflidslag Marit Jacobsen (digitalt)</li> <li>• Informasjon om akkreditering av NU i UNESCO og kva dette betyr</li> <li>• Workshop om korleis NU skal bruke den nye rolla</li> </ul>
13.00	<b>Vel heim og oppsummering</b>
13.30	<b>Lunsj</b>